

Helten hjá HI heidra



fakta:

■ Carnegie Heltefond Norge vart oppretta som ein del av det internasjonale Carnegie Hero Found. Grunnleggjar av fondet var Andrew Carnegie (1835-1913).

■ Han emigrerte frå Skottland til USA i 1948. Der etablerte han frå 1865 ei rekkje jarnverk og kontrollerte etter kvart det meste av stålindustrien i USA. I 1901 selde han verksemda si for 500 millionar dollar. Av dette donerte Carnegie 350 millionar dollar til ulike samfunnsnyttige føremål.

■ Norge mottok ein grunnkapital på 125.000 dollar til sitt heltefond. Det er rentene derfrå som i dag går til påskjøning av gjerningar med preg av heroisme.

HOPPA I SJØEN: Stein Mortensen, forskar ved HI, berga i november ei 72 år gamal kvinne frå drukningsdøden. No er han heidra med medalje i bronse frå Carnegie Heltefond Norge.

ARKIVFOTO: FISKAREN.

” Eg gjorde vel knapt anna enn det dei fleste ville ha gjort i ein slik situasjon. Som god symjar, og med bergingsbøye attåt, følte han seg heilt trygg i situasjonen

Stein Mortensen

Bergen: Mikrobiologen Stein Mortensen hoppa resolutt på sjøen då han oppdaga ei livlaus kvinne i sjøen utanfor arbeidsstaden sin på Nordnes i Bergen. For bragda er forskaren ved HI tildelt medalje frå Carnegies Heltefond.

Helge Arild Bolstad

helge.bolstad@fiskaren.no

Stein Mortensen har kontor i første høgda i høguset til Havforskningsinstituttet på Nordnes. 1. oktober i 2005 kvakk han til då ei kvinne hamra smått desperat

på glaset hans og fortalde at det låg ei livlaus kvinne på sjøen like ved.

Kraftig nedkjølt

Den i fiskerikrinsar kjende biologen Mortensen reagerte spontant, ringde politiet, sprang ut or huset, treiv med seg ein bergingsbøye og hoppa ut i det iskaldе vatnet.

Mortensen merka snart teikn til liv då han kom ut til den eldre kvinna, og med bergingsbøyen i ei hand og kvinna i den andre fekk han henne med seg inn mot land. I same stund kom båten frå hamnestellet til, og i fellesskap fekk dei kvinna på 72 år opp or sjøen i ein tilstand sjukehuset seinare karakteriserte som moderat, men stabil. Ho var sterkt nedkjølt etter møtet med novembersjøen, men berga livet etter den resolutte innsats havforskarer den dagen stod for.

Følte seg trygg

Stein Mortensen er før heidra med ei påskjøning frå trygdeselskapet Vesta som haddde plassert ut den redningsbøyen som denne dagsens helt i Bergen gjorde seg nytte av. Og sist veke var det Carnegie Heltefond som takka forskaren for ein ekstraordinær

innsats med medalje i bronse.

Sjølv har ikkje Stein Mortensen i ettertid tenkt på seg sjølv som «helt», fortalde han då han fekk overrekk påskjøinga.

– Eg gjorde vel knapt anna enn det dei fleste ville ha gjort i ein slik situasjon. Som god symjar, og med bergingsbøye attåt, følte han seg heilt trygg i situasjonen. Han peikar óg på at båt og politi kom raskt på plass med si hjelp.

Livsviktig bøye

Likevel er nok den 72 år gamle kvinna glad for at det var nettopp havforskarer frå HI som vart først varsla av den forbi-passerende då ulukka råka henne. Mikrobiologen er vaksen opp i sjøkanten i Sandviken i Bergen, og har heile livet hatt sjøen og kystsona som sin arbeidsplass.

Sjølv har Stein Mortensen i etterkant nytta alle høve til å peike på kor viktig det er å ha og ta godt vare på dei bergingsbøyane som er plasserte mange stader der folk ferdast langs sjøkanten. Selskapet Vesta har åleine plassert ut 25.000 slike bøyar langs heile kysten, og denne dagen i 2005 var ein av desse vitterleg med på å berge eit liv i Bergen.

Kan kome for fort i «puberteten»

” Prosessane som tek til i puberteten er svært energikrevjande, og dermed uheldige for oppdrettsnæringa.

Professor Ivar Rønnestad

Bergen: Velfødd fisk vert for fort kjønnsmoden. Det skapar problem for oppdrettsnæringa.

Men no kan dette problemet stå framfor ei løysing. Japanske forskarar har nemleg funne genet til eit protein som kan vere nøkkelen til å skjønne denne prosessen. I dag samarbeidar dei japanske vitenskapsfolka med norske forskarar for å lære meir, fortel professor Ivar Rønnestad. Han er leiar samarbeidsprosjektet mellom Universitetet i Bergen og det japanske Nasjonale forskingsinstituttet for akvakultur og fiskeri.

Same funksjonen?

Proteinet som er funne i Japan, er sannsynlegvis i

slekt med leptin, som er eit viktig signalstoff hjå oss menneske. Hjå fisk er det aldri funne leptin, men i 2005 kunne professor Tadahide Kurokawa, leiar for instituttet i Japand, dokumentere eit protein som liknar i stor grad på leptin.

– Genet har 20 prosent likskap med leptin-genet hjå pattedyr. Det kan høyrast lite ut. Men jamvel der genet er ulikt, er strukturen svært lik, forklarar professor Kurokawa. Spørsmålet han steller seg no, er om genet har same funksjonen hjå fisk som leptin har for oss menneske. Det kan i så fall bidra til ei løysing på eit problem som er stort i internasjonalt fiskeoppdrett; ei for tidleg kjønnsmodning.

Verst hjå laksefisk

– Vi menneske når ein bestemt storleik der vi vert verande resten av livet, i alle fall i høgda. For dei fleste fiskar, mellom anna laks og torsk, er dette anleis. Dei kan vekse og vekse vidare, fortel professor Ivar Rønnestad. Og nettopp fordi fisk kan vekse og vekse, er det viktig at fisken gjer akkurat det, og ikkje brukar

energien sin på anna. Prosessane som startar i puberteten er nemleg svært energikrevjande. Ein del energi går m.a. med til å produsere rogn og melke, på kostand av denne veksten. Filetane



vert dårlegare og fisken deponerer mindre feitt. Og i tillegg endrar fisken åttferd. Den vert meir aggressiv og stressa, og såleis óg meir utsett for skade og sjukdom, fortel Rønnestad.

For laksefiskane er pubertetsprosessen ekstra spesiell.

– Det er stor internasjonal interesse for dette arbeidet, forsikrar professoren i Bergen.